Årsmøte i Valldal bygdekvinnelag
29.oktober 2026 kl 18.00
Møtestad: Fredheim, Fjørå

Bjørg opna møte med å ønskje velkomen til årsmøte, det 94. i laget si historie.

Sakliste:

1.Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling sendt i epost til medlemmane 11.10.26. påminning sendt 26.10.

Ingen hadde merknader til innkallinga som vart godkjent.

2.Val av møteleiar

Styret hadde framlegg om Linda Myren som møteleiar.

Ingen andre forslag, Linda Myren vart samrøystes vald til møteleiar.

Møteleiar tok over møteleiinga.

3. Val av referent

Styret hadde framlegg om Magnhild Grønningsæter.

Ingen andre forslag, Magnhild Grønningsæter vart samrøystes vald til referent.

4. Val av 2 til å skrive under møteboka

Styret hadde framlegg om Judith Grebstad Krogh og Vigdis Døving Mork.

Ingen andre forslag, Judith Grebstad Krog og Vigdis Døving Mork vart samrøystes valde til å skrive under møteboka.

5. Årsmelding v/leiar

Årsmeldinga var delt ut i møtet.

Leiar Bjørg gjekk igjennom årsmeldinga som skildra laget sin aktivitet gjennom året.

Møtelyden gav tydeleg tilbakemelding og ros til leiaren om ei fyldig og informativ årsmelding som skildra at styret og laget arbeider godt!

Undergruppene vart oppfordra til å orientere om sitt arbeid om dei ønskte.

Sansehagen v/Judith:
Har vore fleire dugnader gjennom året, med ulikt oppmøte sjølv om tidspunkt for desse har vore varierande. Vaktmeister har no fått teke bort ein del av det som har vore skjemmande og overgrodd. Paviljongen må målast eit par strøk til våren. Tulipanløkar og lyng er kjøpt inn.

Syng med oss v/Linda:
Litt mindre frammøte på dei siste arrangementa, kan ha ulike årsaker.
Carolin er ein viktig samarbeidspartnar som betyr mykje for at songstundene skal bli bra.
Innslag av elevar frå kulturskulen er også eit viktig bidrag opp i dette.
Det er ytt tilskot frå kommunen som gjer at ein kan ha råd til å gje honorar til opptredenar.
Forslag om at laget sender ut invitasjon til andre lag; td. pensjonistlaget og helselaget slik at ein kan gjere dette til ei felles songstund for eldre. Judith sender invitasjon til leiarane i desse laga som vidareformidlar til sine medlemmar.

Kafegruppa v/Aase:
Har hatt kyrkjekaffi no i haust, og vil ha ansvar for arrangementet av nyttårslaget.
Andre medlemmer utanom kafegruppa kan spørjast om bidrag med kaker.

Qviss v/Bjørg:
Dette ønskjer vi å halde fram med, Eva Hilde gjer ein god innsats her!

Vedtak:
Årsmeldinga og tilbakemeldingar frå undergruppene vart teken til vitande.

6.Rekneskap
Samandrag av rekneskapen var delt ut i møtet.
Rekneskapsførar Berit Fredriksen gjekk gjennom samandrag og balanse for laget og sansehagen sitt rekneskap tom. 30.09.26, som viser eit overskot på kr 49.281.
Ho framheva at laget har ein god økonomi som gjev moglegheiter for ulike tiltak.
Berit har sagt frå seg arbeidet som rekneskapsførar, andre vil overta frå neste år.
Kasserar Gerd viste til laget si største inntektskjelde gjennom året, nemleg olsok.
Sjølv om tiltaket krev sitt av planlegging og gjennomføring, blir det opplevd som eit svært viktig tiltak for bygda og tilreisande.
Honnør til rekneskapsførar for eit tydeleg framstilling.
Revisjonsmeldinga med tilråding frå revisorane vart sitert.'

Vedtak:
Rekneskapen for VBK 2026 med underrekneskap for Sansehagen vart samrøystes godkjent.

7. Arbeidsplan v/leiar
Arbeidsplan for 2027 er førebels ikkje klar, medlemmane blir oppmoda til å kome med innspel.
Bjørg orienterte.
Spørsmål om kva vi ønskjer å halde fram med, og nye innspel frå medlemmane er viktig.

Nokre aktivitetar er planlagt men ikkje tidfesta; ma. eit fiskemåltid på skulen i samarbeid med mat og helse.

Innspel til aktivitetsplanen vert å kome attende til.

8. Innkomne saker

Ingen motteke saker frå medlemmane til årsmøtet.

9. Val

Leiar i valnemnda Sunneva Linge la fram forslag for medlemmar til styre og undergrupper for komande år. Framlegget frå valnemnda var delt ut i møtet:

Leiar		
Bjørg Sætren Kleppe	2026-2027	attval
Styremedlemer		
Mette Natland Valdal	2025-2027	ikkje på val
Gerd Maria Myren	2026-2028	attval
Magnhild Grønningsætar	2026-2027	attval
Hanne Kristin Strøm	2026-2028	ny
Vara		
1.vara Mette Marie Døving	2026-2027	
2.vara Linda Myren	2026-2027	
3.vara Nelly Ytterli	2026-2027	
4.vara May Berli	2026-2027	

Alle undergrupper valde for 1 år, 2026-2027:

Kafegruppa:	Aase Opskar , Rigmor Vågenes, Else Rødal, Solveig Linge Stakkestad, Vigdis Døving Mork, Nelly Ytterli.
Heimesideansvarleg:	Judith Krogh
Syng med oss:	Linda Myren + 2 hjelparar Vigdis Døving Mork, Judith Krogh.
Sansehagen:	May Berli + 1 representant frå styret
Nyføddgåve:	Randi Hole Heggen
Tur/aktivitetsgruppa:	Kristi Linge Stakkestad, Signe Brenna + 1 representant frå styret
Dikt i lokalavisa:	Sunneva Linge
Revisorar:	Randi Fløe, Kjell Rønning .

Valnemnd

1.Inger Gilje Sandnes 2024 – 2027

2.Solveig Linge Stakkestad 2025 – 2028

3.Vara Randi Flø vald i 2025

Valnemnda tilrår at praksis med støtte til eit felles måltid, som takk for innsatsen blir vidareført.

Saksbehandling:

Styret må velje:

- *ein representant til Sansehagegruppa*
- *ein representant til tur/aktivitetsgruppa*

Inger Gilje Sandnes trekte seg frå vervet i valnemnda.

Forslag frå møtelyden om følgjande samansetting av ny valnemnd:

1.Solveig Linge Stakkestad	2025 - 2028
2. Randi Flø	2025 - 2027
3. Petra Jemtegård	2026 - 2029

Vedtak:
Val av medlemmer og varamedlemmer til nytt styre og undergrupper vart samrøystes vedteke i samsvar med valnemnda si innstilling. Styret følgjer opp val til av sine representantar til sansehagegruppa og tur/aktivitetsgruppa. Randi Flø blir kontakta i høve suppleringsval til valnemnda.

10. Godtgjersle for verv i 2027

Framlegg til vedtak frå valnemnda var delt ut i møtet,

Sunneva Linge gjekk gjennom valnemnda sine forslag:

Godtgjersle før:

Leiar	5000 kr (justert opp frå 3000 kr i 2025)
Nestleiar	2000 kr
Styremedlemer, 1.vara, nettansvarleg	1000 kr
Rekneskapsansvarleg	5000 kr

Tilråding frå valnemnda i 2026

Leiar	5000 – 6000 kr
Kasserar	4000-5000 kr
Nestleiar, skrivar	2000 kr
Styremedlem,1.vara, nettansvarleg	1000-1500 kr

Valnemnda seier ikkje noko om ein eventuell rekneskapsansvarleg.

Nemnda uttalar seg om friviljuge som har teke på ansvarstillingar i VBK.

Tilrådinga er oppsett etter kven vi tenkjer har størst arbeidsmengde.

Vi meiner og at leiar bør ha høgste godtgjeringa.

Elles tilrår nemnda at styret får delegert løyve til å ta eventuell "finpussing", endringar av godtgjersla dersom det trengst , ved konstituering av styret . Uttale frå årsmøte bør vektleggjast ved endringar.

AKTIV VALNEMND I VBK 2026;

Sunneva Linge, Solveig Linge Stakkestad, Randi Fløe.

Saksbehandling:
Gerd presiserte at ein kasserar bør ha same godtgjersle som dei andre styremedlemmane.

Ein rekneskapsførar vil ha eit tilsettingsforhold og må definerast for seg mtp godtgjersle.

Årsmøtet kom med forslag til følgjande justeringar:

Leiar	*kr 6000*
Nestleiar, kasserar, skrivar, nettansvarleg	*kr 2000*
Styremedlem, 1.vara	*kr 1500*

Rekneskapsførar må godtgjerast etter avgjerd frå styret.

Vedtak:
Samrøystes i samsvar med møtelyden sine forslag.

Årsmøtet slutt kl. 19.30

16 medlemmar var til stades i tillegg av rekneskapsførar i sak 6.

Judith Grebstad Krogh
sign

Vigdis Døving Mork
sign

Før årsmøtet var medlemmane samla på Fredheim til sosialt samvær og servering frå kl. 17.00.

Vertinnegruppe 5 diska opp med rømmegraut, risengrynsgraut og tilbehør.

Bjørg hadde ei overrasking denne kvelden til to medlemmer som har gjort seg fortent til ei spesiell påskjøning etter å ha hatt ulike verv i laget gjennom ei årrekke:

- *Petra Jemtegård*
- *Sunneva Linge*

Bjørg rosa desse to i sin omtale, og begge fekk utdelt heidersbevis i form av eit kjevle, levert av Norges Bygdekvinnelag i tillegg til blomar.

Takk til desse to! Begge kvitterte med takk, dette kom nok litt uventa!

Etter årsmøtet var det tid for ny servering; kaffi m/fruktsalat kromkaker, eplekake og is!

Seinare vart det åresal med dei unike årane til Fjørå vel!

Leiar Bjørg orienterte om den planlagte «Bygde-brunsjen» som skal vere søndag den 8.nov.
Arbeidsliste vart delt ut, oppgåvene er fordelt.
Annonsering vert gjort, og vi håper på like godt frammøte som i fjor!

Adventskalenderane er no komne, og dei vil bli selt under brunsjen.

Nokre endringar i høve aktivitetsplanen:

Styremøte den 2. nov. blir flytta til den 9.nov.
Bygdekvinnekveld den 19. nov. går ut sidan det blir tett program framover.
Kulturdagen på ungdomsskulen er flytta frå den 20. til den 19., det har meldt seg fleire medlemmer som er viljuge til å delta, desse vil få meir info etter kvart.
Førjulshygge i desember; tenkt invitert våre nye utanlandske innbyggjarar.

Blomster og applaus til :

- *May, som no går ut av styret*
- *Judith som takk for innsatsen i Sansehagen gjennom mange år*
- *Bjørg som har leia laget siste åra og takka ja til å halde fram vidare*

Ein lang og innhaldsrik samankomst før og etter årsmøtet!
Tusen takk til vertinnegruppe 5 og Mette Marie!

Møtet slutt kl. 20.50

Magnhild
skrivar